



Hareid KrF  
Valet 2019

Ein god  
barndom  
varer  
heile livet

VI FAMILIE

INFORMASJON



Saman for eit varmare samfunn



copyright: colourbox.no

## Saman for eit varmare samfunn

### Kristeleg Folkeparti

Kristeleg Folkeparti byggjer politikken sin på den kristendemokratiske ideologien. Verdigrunnlaget vårt er henta frå Bibelen, den kristne kulturarven og grunnleggjande menneskerettar. I alt vårt politiske arbeid er vi forplikt på det kristne menneskesynet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret.

Kristendomen er i seg sjølv ingen politisk ideologi, men inneholder grunnleggjande verdiar som er eit solid fundament for god samfunnsbygging. Dette inspirerer oss til å forvalte skaparverket på ein ansvarleg og berekraftig måte, og til å tene våre medmenneske.

### Hareid KRF vil:

- Ha gode kommunale tenester.
- Ta vare på og utvikle den kommunale bygningsmassen.
- Leggje til rette for variert bustadbygging.
- Samarbeide med dei andre kommunane i regionen på område der det er tenleg.

### Kyrkje og kultur

#### Alle fortener å bli sett

- Arbeide for eit godt og variert barne- og ungdomsarbeidet.
- Arbeide for gode vilkår til Frivilligsentralen.
- Leggje til rette for positive og byggjande aktivitetar gjennom frivillige lag og organisasjonar.
- Arbeide aktivt for at kommunen skal få sitt eige kulturhus.
- Arbeide for at kyrkja og kyrkjegarden får gode økonomiske vilkår for vedlikehald, drift og utvikling.

## **Oppvekst**

### **Bra for barna, bra for alle**

- Invistere i barna for å invistere i vår felles framtid.
- Arbeide for trygge og gode oppvekstvilkår.
- Satse på kvalitet i barnehage, skule og skolefritidsordning og arbeide for nok kompetanse i barnehagane.
- Gi rom for ein fleksibel skulestart i samråd med foreldra.
- Ta vare på skulestrukturen i Hareid kommune og å arbeide for at lærarane skal få meir tid til kvar enkelt elev.
- Vidareutvikle SFO, gjerne i samarbeid med idretten, kulturskulen og frivillige organisasjonar.
- Arbeide for å vidareutvikle musikk og kulturskulen.
- Arbeide for at alle barn skal få høve til å delta i fritidsaktivitetar.

## **Alkohol- og ruspolitikk**

- Arbeide mot rusgifter og drikkepress for å skape eit trygt og godt oppvekstmiljø og lokalsamfunn.
- Avgrense talet på sals- og skjenkeløyve i Hareid.
- Stille strengare krav for å avgrense sal av alkoholhaldige varer.

## **Omsorg**

### **Vi skal stille opp for andre, ikkje minst dei som treng det mest**

- KRF vil ha respekt for menneskeverdet uansett alder, og leggje til rette slik at eldre skal få dekke sine fysiske, psykiske, sosiale og åndelige behov.

- At alle skal vere trygg på at ein får den hjelpa ein treng når ein treng den, anten ein treng plass på sjukeheim eller treng hjelpeheime.
- Arbeide for at unge funksjonshemma vert sikra tenlege bustader.
- Ta mot flyktingar/innvandrarar som kjem til kommunen på ein måte som gjer at dei synest her er trygt og godt å bu.

## **Miljø og næring**


- At vi i kommunal verksemd og forvaltning må ta omsyn til natur og miljø på ein bererkraftig måte.
- Leggje til rette for landbasert og sjøbasert industri.
- Arbeide for at Hareid kommune til ei kvar tid har nok og attraktive næringsareal.
- Unngå nedbygging av jordbruksland, slik at landbruket skal ha framtid og utviklingsmoglegheiter i Hareid kommune.
- Vidareutvikle Hareid sentrum i samarbeid med grunneigarar, næringsinteresser og andre.
- Arbeide for å utvikle friområdet i Åsendalen.
- Arbeide for å oppretthalde statlege og kommunale arbeidsplassar i kommunen.

## **Samferdsel**

- Arbeide for gode offentlege kommunikasjonstilbod i kommunen.
- Arbeide for fastlandssamband mot Ålesund og ny vegtrasé gjennom Hareidsdalen.
- Oppretthalde rutetilbod og kapasitet på snøggbåtsambandet både til Ålesund og til Valderøya.
- Arbeide for betre korrespondanse mellom snøggbåten og Timeekspressen.

# VALLISTE HAREID KRF

1. HALLVARD SÆVERUD
2. TURID ENGEN
3. Kjersti Røyset Topp Hol
4. Kjartan Snipsøyr
5. Jostein Bjørn Hareide
6. Lidvar Arne Grimstad
7. Odd Lykstad



Copyright ©olutbox.no

Miljømerket 2041-0796 Tryksak  
TRYKK: Østfold Trykkeri AS - www.ostfold-trykkeri.no

Saman for eit  
varmare samfunn

VAL 2019